



Tore Nilsen  
Slembevegen 24  
5137 MJØLKERÅEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1355 - 14/5243

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:  
19.05.2014

## Gbnr 14/74, 93, 115, 5, 94, 70, 86, 88 Soltveit/ Valdernesnes - avløpsanlegg - ansvarsrettar - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 117/2014

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

**Adresse** : **Valdersnes**  
**Tiltakshavar** : Tore Nilsen  
**Ansvarleg søker** : Kvalheim VVS  
**Søknadstype** : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

### Saksutgreiing:

Saka gjeld søknad om etablering av avløpsanlegg på eigedom gnr. 14 bnr. 74 , 93, 115, 5, 94, 70, 86, og 88 Soltveit. Søknaden omfattar ansvarsrettar for søker-, prosjekterande- og utførandefunksjonen i tiltaket. Det er i sak 245/11 datert 21.09.11 gjeve utsleppsløyve etter forureiningslova for etablering av 3 stk. slamavskiljarar med tett leidning til sjø. Dette gjeld gnr. 14 bnr. 74, 93 og 115.

Tiltakshavar opplyser at gnr. 14 bnr. 5 og gnr. 14 bnr. 94 har bytta til ny 4m<sup>3</sup> slamavskiljar på sitt gamle anlegg etter pålegg frå Radøy kommune. Tiltakshavar opplyser vidare at gnr. 14 bnr. 70, gnr. 14 bnr. 86 og gnr. 14 bnr. 88 har montert godkjnet 4m<sup>3</sup> slamavskiljar.

Alle avløpa på nevnte eigedomar er ført i felles tett leidning til sjø. Totalt 8 påkoplingar.

Det vert elles vist til søknad mottatt 11.04.2014.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i kommuneplan for Radøy 2011-2023 er definert som LNF-område. Tiltaket er etter kommunen sin vurdering ikkje tråd med planen. Byggesaksmynde i Radøy kommune vurderer at tiltaket kan utførast utan at det krevjast dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen. Slamavskiljarane vert plassert på eigen grunn og utført utan synlege terrenginngrep.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Plassering**

Plassering er vist i situasjonsplan datert 11.07.2011.

### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Kvalheim VVS**, org.nr. 988408700, har søkt ansvarsrett som ansvarlig søker (SØK). Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområde. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen sin vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for SØK.

Føretaket **Kvalheim VVS**, org.nr. 988408700, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering av montering avløpsanlegg. Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområde. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen sin vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for PRO.

Føretaket **Kvalheim VVS**, org.nr. 988408700, har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF, utføring av montering avløpsanlegg. Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområde. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen sin vurdering synleggjer naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for UTF.

### **VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:**

#### **Naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Ein finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

#### **Vedtak**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20—1 a vert det GODKJENT søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn som omsøkt for etablering av avløpsanlegg på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket kan plasserast som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at byggverket vert oppført i tråd med føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven, herunder kommuneplan og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.
4. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:
  - Faktisk plassering av tiltaket må vere innmålt, og koordinatar sendt kommunen.

**Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) vert det GODKJENT ANSVARSRETTAR for:**

FØRETAK	L/S *	FUNKSJON	TILT.KL.	ANSVAR SOMRÅDE
Kvalheim VVS, org.nr. 988408700	L	SØK	1	Ansvarleg søkjer
Kvalheim VVS, org.nr. 988408700	L	PRO	1	Prosjektering montering av avløpsreinseanlegg
Kvalheim VVS, org.nr. 988408700	L	UTF	1	Utføring montering av avløpsreinseanlegg

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

**Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.**

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

KODE 10.2.8	Delt sakshandsaming	kr	2 600,00
KODE 10.2.9	Godkjenning av ansvarsrett	kr	<u>770,00</u>
<b>SUM</b>		<b>kr</b>	<b>3 370,00</b>

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjetteddeledd.

### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjer stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b*

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/1355

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland  
konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**  
Tore Nilsen

Slembevegen 24 5137

MJØLKERÅEN